

Gjerstad kommune  
Kommuneingeniøren  
J.nr. 123 Dato 7/6-74  
Arkiv nr. B 70/74

HYTTEPLAN VED SKORVA.

Gnr. 25, bnr. 3 i Gjerstad.

Grunneigar: Halvor Aarhus, Gjerstad.

1. PLANOMRÅDET.

Hytteplanens areal ligg på Skorva i Gjerstad, like ved den nye fylkesvegen mellom Gjerstad og Felle, ca. 4 km opp frå Valle.

Skorva er ein gamal heigard som blei fråflytta i ca. 1948. Arealet er ca. 46 dekar, av dette var tidlegare dyrka ca. 27 da. Det dyrka arealet gror no til, serleg med bjørk og gran. I planområdet står det idag 15 bygningar (større og mindre) Desse bygningane er følgjande bygg:

Skorvas gamle bustadhus med driftsbygning og eldhus, samt ei lita stove med eit lite uthus der Gunstein Mykland budde i mange år.

I ca. 1960 bygde Halvor Aarhus eit kafebygg samt eit lite adskild WC. Seinare har eigaren bygd 4 hytter (små hytter til utleige) og eit lite WC. til den næst austre hytta.

I austenden av planområdet er det utskild ei leigetomt (bnr.8.) her er det idag oppført 2 bygningar + eit lite WC.

Det drivast idag ikkje lenger kafe på Skorva. Det oppførde kafebygg blir leigd vekk som hytte.

Rundt heile planområdet grenser Skorva inntil Gjerstad Skog=forvaltning.

2. Planlagte hyttetomter:

Grunneigaren har no planlagt 2 nye hyttetomter i dette planområdet.

Plaseringa av hyttene i terreng er teikna inn på vedlagte kart i målestokk 1: 5000.

Hytte nr. 1. er markert i marka med eit kryss (X) i ein større stein. Hytte nr. 2. er markert i marka med ein trepåle.

Hyttene er rekna med å plaserast slik at X i steinen og trepålen faller innanfor hyttas grunnmur.

3. VEGAR OG PARKERINGSPLASS.

Som avkjøring og parkeringsplass vinterstid er tenkt brukt den gamle parkeringsplassen til kafen.

Sumarstid vil nok bilen bli kjørt fram til hytta.

Denne gamle parkeringsplassen ligg ikkje på Halvor Aarhus sin eigedom, men på grunn som tilhører Gjerstad Skogforvaltning.

4. DRIKKEVANNE.

Frå den gamle brønnen på Skorva er det lagt vannledning ut i terreng til ein vannpost ved den gamle kafen.

Ved denne vannposten skal og dei nye hyttene ta sitt drikkevann. Brønnen er avmerka på vedlagte kart.

5. SANITÆRANLEGG I HYTTENE.

Hyttene skal ikkje ha vannkolsetter, men ein eller annan form for do t. d. NISSEDOEN.

Doen må vere støpt med tette kummer, der avfallet kan omdannast og råtne.

Som prevet til planlagt hytte nr. 2. er tenkt å bruke eit av dei eksesterande WC.

Vanleg utslagsvann bør drenerast ut i grunnen ved hjelp av filtreringsgrøfter (grøfter med grus og sand)

6. RENOVASJONSORDNING.

Søppel og anna avfall bør ein samle i søppeldunkar, som seinare blir tømt på ein plass helserådet har godkjent for slik tøming. Vi har avmerka ein avfalls plass på kartet, men om denne kan godkjennast veit ein ikkje.

Tanken var å grave opp ei stor grop som ein la avfallet oppi. For å halde orden på avfalls plassen måtte der tilførast ein del grus og sand.

Kan ein ikkje få godkjent ei slik avfallsgrop i planområdet, bør ei ordning med kommunal tøming av søppeldunkane drøftast.

FORSLAG TIL REGULERINGSBESTEMMELSER FOR HYTTENE VED SKORVA.

1. Innanfor det planlagte område skal hyttene plaserast slik som det går fram av planen og beskrivelsen framanfor.
2. På kvar tomt kan det berre oppførast eit bygg, og berre i ei høgd. Takvinkelen på hytta bør vere mellom 15 og 25 grader, tilpasset hyttas form.  
Hytta skal ligge lågast rå er i terrenget, slik at den kan gli pent inn i terrenget. Blir hytta reist på pilarar bør ytterkledningen gå ned til ca. 35 cm. over bakken.
3. Hyttene skal byggast i tre og målast eller beisast i naturfargar. Dette gjelder og vindauga, vindski, belistning, tak og grunnmur.
4. Tomtene må ikkje innegjerast.
5. Hyttene kan ikkje nyttast som heilårsbustad.
6. RENOVASJONSORDNING.  
Den godkjente renovasjonsordning må den enkelte hytteeigar følgje. Ved leige eller salskontrakter må grunneigaren få med at hytteeigaren er ansvarleg for at søppel og avfall, blir tatt hand om på ein forsvarleg måte.
7. PREVET.  
Hytteeigaren må berre nytte det sanitæranlegg som er planlagt under pkt. 5. i disposisjonsplanen.  
Forurensande kjemikalier må ikkje brukast.
8. DRIKKEVANNE.  
Dei planlagte hyttene har rett til å hente drikkevann ved vannposten med den gamle kafen.  
  
Ang. pkt. 6, 7 og 8 framanfor kan helserådet til ei kvar tid gi reglar for nye tiltak, endringar o. s. v., for å sikre ei forsvarleg ordning.
9. Vegar - Parkeringsplass.  
Rett til å bruke parkeringsplassen ved fylkesvegen bør ordnast.
10. I kontrakt mellom grunneigar og hytteeigar, må bestemmelser og ansvarsforhold, plikter og rettigheter ang. punktene 6, 7, 8 og 9 takast med.
11. Før byggearbeide kan begynne må byggetillatelse vere gitt av Bygningsrådet.  
Ellers viser ein til vedtekter til § 82 i BYGNINGSLOVA for Gjerstad kommune.

Gjerstad, den 4/6 1974.

*Halvor Rørhus*  
.....  
grunneigar.